



**FUSA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Formannskapet

**Møtestad:** Kommunesetnet

**Møtedato:** 27.04.2016

**Tid:** Kl. 15:00

**Forfall eller inhabilitet:**

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til postkasse@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.

Administrasjonen kallar inn varamedlem.

Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimasida [www.fusa.kommune.no](http://www.fusa.kommune.no) og på biblioteket, Kommunesetnet, Eikelandsosen.

Eikelandsosen, 21.04.2016

---

Atle Kvåle  
Ordførar

---

Gunn Sissel Teigen  
Ansvarleg sekretær

## Saksliste

**Sak nr.**

**Tittel**

- 039/16 SØKNAD OM UTVIDING AV KOMMUNALT SKJENKELØYVE -  
TIL Å GJELDA INNFØRSEL AV ALKOHOL GRUPPE 1 OG 2 TIL  
SKJENKING I EIGA BEDRIFT
- 040/16 Mandat til forhandlingsutvalet for tomt til utviding av Fjord'n senter  
- unnateke frå offentleg innsyn.

# SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
039/16	Formannskapet	27.04.2016	GST
042/16	Kommunestyret	27.04.2016	GST

Sakshandsamar: Gunn Sissel Teigen

Arkivsaknr 12/463

## **SØKNAD OM UTVIDING AV KOMMUNALT SKJENKELØYVE - TIL Å GJELDA INNFØRSEL AV ALKOHOL GRUPPE 1 OG 2 TIL SKJENKING I EIGA BEDRIFT**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fusa kommune utvidar skjenkeløyve - gitt i kommunestyresak nr 68/12 til Siv Grethe Stadaas på Eikhaugen Gaard - til å gjelda innførsel av alkohol gruppe 1 og 2 til skjenking i denne verksemda for perioden t.o.m. 30.06.2016. Jf. alkohollova § 4-2 3. ledd jf. § 2-1.

Løyvehavar må også til ein kvar tid oppfylle vilkåra i kommunestyrevedtak nr 68/12 gjeldande lov, forskrift og retningslinjer.

## **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:  
Kommunestyret

Saksdokument:  
Vedlegg:

Ikkje vedlegg:  
Søknad  
Kommunestyresak nr 68/12.  
Alkohollov, forskrift

## **Faktiske opplysninger:**

Utdrag frå vedtak om alminneleg skjenkeløyve som er gitt til Siv Grethe Stadaas på Eikhaugen gard:

Serveringsstaden sitt namn:	Eikhaugen Gaard	Org.nr 969 142 058
Adresse:	Vinnes, 5641 Fusa	
Tidsrom for løyvet:	01.07.2012 t.o.m. 30.06.2016	
Løyvehavar:	Siv Grete Stadaas f. 18.05.68	
Styrrar for løyvet:	Siv Grete Stadaas f.18.05.68	
Avløyssar	Arne- Richard Stadaas f.27.01.70	

Omfang: Alminneleg løyve, gruppe 1, 2 og 3

Eikhaugen Gaard v/Siv Grethe Stadaas har 08.04.2016 søkt om utvida rett til innførsel av alkohol.

Utdrag frå søknaden:

«Viser til korrespondanse der Eikhaugen Gjestegard v/ Siv Grethe Stadaas er bedt om å sende inn søknad om utvidet rett til innførsel av alkohol (alkoholklasse 2). Vårt gjeldende skjenkeløyve (alle tre alkoholklasser) ønskes altså kun utvidet for vin (alkoholklasse 2).

Bakgrunnen for søknaden er at Vinmonopolet ikke lenger ønsker å stå for innførselen av Eikhaugen Gjestegard sin egen husvin fra Bordeaux, «Chateau de Haux». Eikhaugen Gjestegard kjøpte seg i 1999 inn i den franske vingården og har i årene siden fått hjelp av Vinmonopolet til å ta vinen inn i landet. Som følge av at Vinmonopolet ikke lenger ønsker å tilby denne tjenesten må vi selv stå ansvarlig for innførselen av vinen vi omsetter i gardsrestauranten. Slik rett har vi ikke per i dag, men etter hva vi forstår av tilgjengelig informasjon er det en kun en formalitet for den lokale skjenkemyndigheten å innvilge oss denne. «

## **Utdrag frå alkohollova:**

### **§ 2-1. Retten til innførsel av alkoholholdig drikk**

Alkoholholdig drikk kan bare innføres fra utlandet av den som kan drive engrossalg, har tilvirkningsbevilling, salgsbevilling utvidet til å gjelde innførsel etter § 3-1 tredje ledd eller skjenkebevilling utvidet til å gjelde innførsel etter § 4-2 tredje ledd.

### **§ 4-2. Omfanget av bevillingen.**

Bevillingen kan gjelde alkoholholdig drikk gruppe 1, alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 eller all alkoholholdig drikk.

Bevillingen kan være alminnelig eller bare gjelde skjenking til deltakere i sluttet selskap.

Bevillingen kan utvides til å omfatte tilvirkning av alkoholholdig drikk som ikke er brennevin, eller til innførsel av slik alkoholholdig drikk som bevillingen gjelder, for skjenking i egen virksomhet.

Utdrag frå helse og sosialdirektoratet sin informasjon:

«Salgs- eller skjenkebevilling med utvidet rett til innførsel

En salgs- eller skjenkebevilling kan utvides til å omfatte innførsel av de samme drikkene som bevillingen kan selge eller skjenke. Dette gjelder for kommunale og statlige skjenkebevillinger kommunale salgsbevillinger

Alkoholen som innføres kan kun selges fra, eller skjenkes i den virksomheten som har den bevillingen som tillatelsen er knyttet til. Alkoholen kan ikke omsettes på annen måte. Dersom du har bevilling for en bestemt del av året, for en enkelt anledning eller til ambulerende bevilling for sluttet selskap vil du ikke få utvidet bevillingen til å omfatte innførsel.

Har du salgs- eller skjenkebevilling for alkohol, eller ønsker å starte opp denne type virksomhet, kan bevillingsmyndigheten etter en vurdering utvide bevillingen til å omfatte innførsel for salg eller skjenking i egen virksomhet. Slik utvidet bevilling kan gis samtidig med eller som tillegg til en allerede eksisterende bevilling. Det stilles ikke ytterligere krav for å ha en slik utvidet bevilling.»

<https://helsedirektoratet.no/folkehelse/alkohol/innforsel-av-alkohol-fra-utlandet>

Politiet, sosialtenesta eller skatteoppkrevjar har ikkje merknader til søknaden.

### **Vurdering:**

Rådmannen viser til alkohollova sine reglar og rår til at skjenkeløyvet vert utvida til å omfatte innførsel av gruppe 1 og 2. Det er også i samsvar med gjeldande ruspolitisk handlingsplan å gje utvida løyve til faste skjenkestader.

Løyvehavar må til ein kvar tid oppfylle vilkåra i gjeldande lov, forskrift og retningslinjer.

